

Norges Vassdrags- og Energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0103 Oslo



Dykkar ref.:
Vår ref.: 1396729 / 1

04.03.2018

Høyrings svar utforming av uttakstariff i distribusjonsnett

Vi viser til NVE sitt høyringsdokument 5/2017 om forslag til endring i «Forskrift om kontroll av nettvirksomhet». Endringsforslaget omhandlar utforming av uttakstariffar i distribusjonsnett.

SFE Nett vil stille oss bak hovudkonklusjonane i EnergiNorge sitt høyrings svar til NVE om forslaga.

SFE Nett AS støtter innføring av bruk av effekt som fordelingskriterie for kostnadsfordeling i distribusjonsnett. Når informasjon om kundane sine effektuttak vert tilgjengeleg informasjon gjev dette moglegheit til ei meir kostnadsrett fordeling av kostnadane i nettet.

SFE Nett vil ikkje støtte NVE sitt val av abonnert effekt som tariffmodell. Abonnert effekt er ein for komplisert modell, og vil være vanskeleg å forstå for kundane. Metodikken vil gje ekstra kostnader og omdømmemessige utfordringar for nettselskap/kraftomsetningsselskap og kan gje store og uheldige fordelingsverknadar ved overgang frå dagens tariff og til abonnert effekt for dei større næringskundane. Forslaget til tariffmodell kan gje feil prissignal med tanke på å utnytte nettet best mulig. Når kundane vert påverka til å endre sitt forbruk av elektrisk energi i periodar der det ikkje er nettmessige utfordringar vil det gje samfunnsøkonomiske tap.

For større kundar har dagens modell med målt effekt lang og vellykka historikk. Det er ingen grunn til å endre på dette.

For dei kundar som i dag er profilavrekna meiner vi ein tilsvarende metodikk som for store kundar, basert på målt effekt vil vere meir forståeleg for kundane, og til ein viss grad gje signal som virkar avgrensande på effektforbruket. Metoden kan eventuelt kombinerast med «time of use» der effektleddet er høgare i perioder med trongt nett.

Venleg helsing
SFE Nett AS

A handwritten signature in blue ink, reading "Torgrim Øvrebø", written over a horizontal dotted line.

Torgrim Øvrebø / SFE Nett AS